



## Fylkesstyret:

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar		95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar		48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem	Forfall: IN	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem		41518991	hfraf@broadpark.no
Audun Skjervøy, 6210 Valldal	Styremedlem		99579175	audun@storstova.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	1. vara		99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Solveig Linge Stakkestad, 6210 Valldal	Fylkesleiar BKL	Forfall	95856643	solveig@linge.bz
Kari Haugen, Hovdal, 7620 Skogn	Fylkesleiar BU	Forfall	97171623	haugenkari@live.no
<b>Til orientering:</b>				
Janne Mork, 6530 Averøy	2. vara		90030329	janne.mork@svorka.net
Petter Melchior, 6214 Norrdal	3. vara		92283477	petter.melchior@c2i.net
<b>Sekretariatet:</b>		<b>Tlf. arbeid</b>		
Gunnar K. Wentzel – møtt	org.-sjef	71202897	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlien – møtt	org.-konsulent	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad	sekretær	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

## Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag fredag 24. september 2010 kl 10.30 – 16.00 på Felleskjøpets møterom i Molde

### 1/2010 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend.

### 2/2010 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 7. September 2010

**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 7. September 2010 godkjend.

### SAK 48.2/2010: Gjennomgong av landbrukspolitikken – framhald

Dette kom fram i styret:

Siktemålet med geografisk samarbeid må vere geografiske mål.

Omfattande regionalt fraksjonssamarbeid er ikkje måten å drive ein organisasjon på.

Mål om felles framside for Vestlandet i år som i fjor.

Mange problemstillingar for Vestlandet er også knytt til bruksstruktur.

Det er det positive omdømmet som gjør at samfunnet er villig til å satse på næringa.

Det er rom i dag for de som ønskjer å produsere volum. Men ikkje alle har driftstilhøve for volum. Derfor må vi arbeide for forståing hos medlemene og andre om at det er behov for struktur og distriktstiltak.

Fokusere på det unike i mangfaldet. Framleis profilere mangfaldet.

Vi kan ikkje vedta strukturen i praksis, men må ta medlemenes val til etterretning. Men vi må få medlemmene til å forstå at vi meiner det er rett med distrikts- og strukturinnretning på landbrukspolitikken. Vestlandssamarbeidet for å underbygge behovet for distrikt og struktur.

Sørlandet-Telemark tek ikkje opp distriktstillegg og utfordringar for grovforproduksjonen i vårt klima.

**Vedtak:** Styret vil halde fram samarbeidet med Vestlands-fylka og ein dialog med Sørlandet-Telemark.

Styret lager ein prosjektrapport på bakgrunn av gjennomgongen av landbrukspolitikken i plenum og arbeidsgruppa. Ein del av rapporten vil sjå på rekrutteringstiltaka.

#### Bondelagets Servicekontor AS

<b>Postadresse:</b> PB 2047 Moldegård 6402 Molde	<b>Besøksadresse:</b> Fannestrandveien 63. Molde	<b>Telefon:</b> 71 20 28 90	<b>Mobil:</b> 907 29 582	<b>E-postadresse:</b> More.romsdal@bondelaget.no
<b>Møre og Romsdal Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 939678670	<b>Bankkonto:</b>	3980.07.11308	<b>Internet:</b>
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b>	8101.05.91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

**SAK 50/2010: Fornyingsutvalet i Norges Bondelag – innspel frå fylkestyret**

**Vedlegg:** Notat første møte frå NB og notat frå Gunnar.

Styret i Norges Bondelag har sett ned eit utval som skal gjennomgå og analysere dagens arbeidsmåtar og strategiar, drøfte og foreslå endringar og forbetringar, vurdere korleis ein kan jobbe meir effektivt og gi anbefalingar for god informasjonsstrategi. Utvalet, som vert leia av 2. nestleiar, Brita Skallerud, har fått frist til 1. november med å kome med eit forslag som i første omgang skal behandlast på leiarkonferansen i Norges Bondelag 3. og 4. nov. Gunnar Wentzel er medlem i utvalet.

Dette kom fram i styret:

Meir fagorganisasjon, mindre spreidd på binæringar og tilleggsaktivitetar.

NB kan bli oppfatta som svært sentralistisk organisasjon, tradisjonstung, mindre demokratisk, årssyklusen i NB er framand. Forhandlingane er lausreve frå det viktigaste politiske arbeidet der innspel forsvinn inn i hovudorganisasjonen og resten av organisasjonen er sett på vent til alt er over. Årsmøtet før forhandlingane for å få trøkk i demokratiske organ før forhandlingane vil gi meir fokus.

Vi har alle høve innan den organisasjonsstrukturen vi har. Ikkje dei strukturelle ting som hindrar debatt.

Foreslå at utarbeiding av Prinsippprogram og Handlingsprogram blir enklare og meir målbart og rapportert på.

Trenger vi årlege jordbruksforhandlingar? Hovudoppgjer og mellomoppgjer som reguleringsforhandling meir teknisk. Men: Hadde vi fått løftet siste åra på berre eit oppgjer?

**Vedtak:** Styret får notat frå drøftingane til ytterlegare kommentarar som organisasjonssjefen kan ta med seg vidare inn i Fornyingsutvalet.

**SAK 51/2010: Medlemsvervingsaksjon i oktober og november – Gjennomføring**

Norges Bondelag har aksjonsmånader, jfr brev.

Vi har fleire medlemmer i Bondelaget enn aktive bønder.

**Vedtak:** Styret viser til at det er svært stor skilnad mellom kommunar kor stor del bruksmedlemer Bondelaget har. Vidare at der det blir gjort ein jobb ser vi også resultat.

Lokallaga får tilsendt eit brev i post og som e-post til styret med liste over mottakarar av produksjonstillegg som ikkje er medlemmer. Styret ber styra i lokallaga om å kontakte to aktuelle bruksmedlemer kvar. Lokallaget skal rapportere tilbake kven som er spurt og kva dei har svart på eit skjema. Utført vervearbeid blir vektlagt ved tildeling av Aktivt Lokallagsmidlar. Fylkestyret og sekretariatet vil likeeins kontakte to personar kvar. Verving blir teke opp i Leiarmøtet.

**52/2010 Referatsaker****1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving**

**Vedlegg:** Medlemstal lokallaga pr. 21. sept 2010

Medlemstal 01/01-10: 3.424 **Medlemstal pr 21. sept. 2010: 3.380**

**Nyinnmelde i 2010: 88 Utmelde: 131** (av desse 10 døde og 34 stopp ubetalt)

**2 Nytt frå lokallaga**

Lokallaga for TINE, Nortura og Bondelaget i Halså, Surnadal og Rindal inviterer til Bondekamp i Surnadal 25. september. Det vert invitert til å stille lag og til å bli med på festen om kvelden. Konkurransen på dagtid og quiz på kvelden. Alle søkere av produksjonstilskudd i dei tre kommunane får invitasjonen så dette blir eit "lukka arrangement" for landbruket.

**3. Aktuelle saker – politiske arbeid – orienteringar:****3.1 Rammeløyvinga frå Norges Bondelag 2010 basert på størrelse av fylka**

Drift av fylkeslaget: kr 667.000

Opplæring tillitsvalde: kr 105.000 (nyttar dels til kursdel på Leiarmøtet for ekstra styremedlemer).

Fylkesleiars aktivitetar: kr 247.000

Tilskot aktive lokallag: kr 117.048. Vervepremie utbetalt lokallaga av NB (2009): kr 32.600.

**3.2 Hans Frafjord:** Ønskjer å orientere seg om situasjonen for M&R Kornsilos og vil ta opp i neste styremøte.

**3.3 Samarbeidsavtale med Dekar avvist.** Organisasjonssjefen har konkludert med at det no ikkje blir samarbeidsavtale med Dekar AS. Norges Bondelag viser til at Dekar berre har ein advokat og at det er betre å knyte dei til ei framtidig takstmannsgruppe. Samarbeidsadvokat Rødstøl peiker på at hans kontor utvidar, har dagar i Sunnadal, Kr. sund, og Ørsta. Dekar har ein advokat med kort tid med advokatløyve. Det kan likevel vere aktuelt å vise til Dekar på jordskiftesaker, spesielt der det er mindre aktuelt med anke til Lagmannsrett der advokat er aktuelt og ikkje jordskiftar. Dekar tek mange oppdrag for det offentlege som gjerne er ein motpart for grunneigar, dette kan gi habilitetsproblem.

### **3.4 Kommentar til presseoppslag om juks med areal og om "unødvendig sideareal til veg" frå medlem**

Ved utrekning av jordbruksareal blir **eigedomsgrense** lagt til grunn som avgrensing mot veg. Dette trass i at grunneigar har bruksrett på arealet, og ofte bruker det både til slått og beite. Garbrukaren får difor ikkje tilskot på alt areal som nyttast. For den einskilde utgjer dette ikkje store beløp, men totalt utgjer det betydelege arealer som blir feilklassifisert i statistikken.

Bondelaget bør på denne bakgrunn gå inn for at det offentlege går over frå grunnehverv til klausulering av veggrunn. Klausulering er det prinsippet Statnett nyttar for kraftlinjetraseer.

Klausulering av sidegrunn vil ikkje innebære praktiske (samme råderett) eller økonomiske (samme erstatning) konsekvensar for Vegvesenet.

### **3.5 Oppsummering av Open Gard-arrangementa – fylkeslaget sine kommentarar til Norges Bondelag:**

- Største utfordringa er å skaffa vertskap. Mange lokallag utfører heiderleg innsats i arbeidet med å verva vertskap, mens ein del lokallag (som uansett er lite aktive) gjer nok heller ikkje på dette området ned såpass innsats at ein får rekruttert vertskap.
- Vi trur at vi registrerer at mange lokallag legg lista heller "høgt" når ein skal leita etter vertskap. Mange gardar har i dag relativt lite allsidig produksjon, og ikkje alle er like glade i å "importera" dyr, m.m. til ein gard for å gjera den meir allsidig.
- I nokre få tilfeller registrerer vi kanskje at lokallaget legg unødig stor byrde på vertskapet i samband med planlegging og gjennomføring.
- Ein del arrangørar er seine med tilbakemelding/oppfølging/bestilling, osv.
- For nokre arrangørar sin del opplever vi kanskje at planlegging og gjennomføring blir vel lettvent og enkel. Alternativet kan imidlertid vera å ikkje ha arrangementet i det heile.
- Vi ser klart at besøket er veravhengig.
- Samarbeid/kontakt med TINE og Nortura fungerer bra.
- TINE sin aksjon/kampanje såg ikkje vi ved fylkeskontoret noko til, men det er muleg at det har fungert lokalt.
- Fylkesstyret har vore representert på alle arrangement.
- Fylkeskontoret har lagt til rette med matr til stands osv.
- Nokre av arrangementa får imponerende god pressedekning, mens eit fåtal ikkje får pressedekning i det heile.
- Ordninga med at fylkeslaget samordnar annonsering i dei større/regionale avisene fungerer godt. Lokallaga ordnar med lokal annonsering og mediaomtale.
- Fylkeslaget samarbeider med Gjensidige om annonsering i dei større/regionale avisene.
- Det er vanskeleg å få markert spesielle/prioriterte tema på arrangementet.
- Dei siste 2 åra har vi opplevd avlysingar nær opptil arrangementsdato. Dette er uheldig.
- Ein relativt stor del av arrangementa er hos samdrifter. Dette er både godt og galt, men vi saknar familiebruka.

### **Heimeside 10.09.2010: De nasjonale samvirkeforetakene har gitt rom for nye lokale aktører**

- Med så lave priser på matvarene som vi har sett i sommer er det noen som ikke tjener penger. Dette blir feil fokus for produsent, kjøpmenn, foredlingsindustrien og kvalitet til forbruker. Dette sa tidligere styreleder i Tine Norge, Fredmund Sandvik fra Meldal, på seminaret som Bondelaget arrangerte på Dyregod-dagene i Gjemnes nylig.

### **Heimeside 13.09.2010: Nordmørsost på vei mot utlandet**

For syv år siden ble ett tonn ost produsert på seks kvadratmeter i et baderom hos familien Waagen. Nå er tingvollostent premiært både i inn- og utland. På Saghaug Gard har man de siste årene satset millioner på omlegging av drift, modernisering av anlegg og nytt produkt – ost

### **Heimeside 22.09.2010: Kritisk utvikling for landbruket i Aure**

Kommunen har 60 melkeprodusenter. Nå er bondelagsleder Erik Olufsen redd for at 10 av dem legger ned driften neste år. - Det er en trend nå. Før sluttet to til fire bønder hvert år, nå er det snakk om kanskje ti, sier Erik Olufsen i Aure og Tustna Bondelag, i et intervju med Tidens Krav. Han etterlyser interesse og oppbakking fra kommunen. I et brev sendt ordfører og rådmann presenterer han sju forslag til tiltak kommunen kan bidra med.

4. Saker frå Bygdekvinnelaget  
 5. Saker frå Bygdeungdomslaget  
 6. Referat skriv og meldingar

#### 7. Referat frå møter og arrangement

**13. sept: Møte i fornyingsutvalet** i Norges Bondelag, Oslo, Gunnar Wentzel.

**14.-15. sept: Norges Bondelag seminar i Oslo om Naturmangfaldlova og Regional Næringsutvikling.** Inge Martin Karlsvik (Regional) og Gunnar Wentzel.

**22. sept: Landbrukspolitisk samråd mellom Arbeiderpartiet og Bondelaget** i Møre og Romsdal på Derinngarden i Eide. Karlsvik, Jensen, Erlie og Wentzel. Pressemelding med bileter på heimeside og utsendt 24. sept: Møtte Arbeiderpartiet til samråd om landbrukspolitikken

Bondelaget og Arbeiderpartiet i Møre og Romsdal møttes til landbrukspolitisk samråd på Derinngarden i Eide onsdag 22. september. De to organisasjonene har lang tradisjon for god kontakt og gjensidig utveksling av synspunkt om landbruks- og næringspolitikken. I programmet for samrådet onsdag var det også avsatt tid til to gardsbesøk.

Samrådene mellom Bondelaget og Arbeiderpartiet har vært en årlig aktivitet, for utveksling av synspunkter til politiske program og drøfting av politiske strategier på noen saker. Under samrådet onsdag ga Bondelaget konkrete innspill til Arbeiderpartiets fylkestingsprogram 2011-2015, og møtet drøftet forhold til en stortingsmelding om norsk landbrukspolitikk som regjeringen skal legge fram våren 2011. I tillegg til nyttige samtaler, var det også lagt opp til besøk på to gardsbruk som representerer hvert sitt yterpunkt i driftsmodeller.

M&R Arbeiderparti stilte med åtte framtrepende representanter fra sin organisasjon med leder av fylkestingsgruppa og medlem Innovasjon Norge, tidligere fylkesordfører Jon Aasen fra Vanylven, i spissen. Videre deltok nestleder i fylkestingsgruppa og leder Rovviltutvalget region 6, Torill Melheim Strand fra Nesset, leder i programkomiteen og ordfører Norddal, Bjørn Inge Ruset, medlem i programkomiteen og formannskapsmedlem i Molde, Sidsel Rykhus, lokalpolitikkerne Ingunn og Jeppe Hjelle fra Stranda, fylkessekretær i AUF, Line Hoem fra Kristiansund og fylkessekretær Ap, Egil T. Ekhaugen, Eide.

Fra Møre og Romsdal Bondelag møtte fylkesleder Inge Martin Karlsvik, fylkesstyremedlem og medlem Innovasjon Norge, Anne Katrine Jensen fra Gjemnes, organisasjonssjef Gunnar Wentzel og organisasjonskonsulent Arild Erlie.

Samrådet startet med ettermiddagsmat med ost frå Derinngarden, før deltakerne fikk en kort orientering og omvising på garden til Othild og Asbjørn Tjungen, som driver småskala økologisk mjølk, gardsmeieri, utsalg og turisme.

Deretter holdt fylkesleder Inge Martin Karlsvik og organisasjonssjef Gunnar Wentzel en ”skoletime” om landbruksnæringa i Møre og Romsdal. De ga blant annet flere innspill til landbrukspolitisk program, og samtalte om norsk næringsmiddelindustri sine utfordringer i dagens matvaremarked.

Leder i Arbeiderpartiets programkomite, Bjørn Inge Ruset, og gruppeleder i fylkestinget, Jon Aasen, hadde hver sine orienteringer om programarbeidet om landbruk og næring.

Fylkessekretær i Arbeiderpartiet, Egil T. Ekhaugen, tok opp til drøfting arealforvaltninga og samfunnsutviklinga, og utfordringer for kommunale planutvalg.

Det landbrukspolitiske samrådet ble avsluttet med besøk og omvisning på garden til fylkesleder i Bondelaget, Inge Martin Karlsvik. Han har nybygd mjølkfjøs med robot og 60 kyr foruten sau i gammelfjøs.

#### 8) Arbeids- og møteplan 2010

(Dato ajourført: 16.12.2010)

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
5. og 6. Okt	Fylkesstyremøte og utferd over 2 dagar	Søre Sunnmøre	Styret og kontor. Før årsmøta
1. okt – 30. Nov	Medlemsvervingsaksjon	heile landet	Alle tillitsvalde
25.-27. Okt	Skattekurs	Molde Alex	Rekneskapsførarar samarb.avt.
NY 5. nov	Styremøte før EU-konferanse	Molde FK	Styret – Forfall Anne K
NY 5.-6. Nov	EU-konferanse NTEU	Molde Seilet	Styret/interesserte Forfall Birgit.
12.-13. nov	Leiarmøte M&R Bondelag	Molde Alex	Styra i lokallaga, fylkeslaget
7.-8. des	Fylkesstyremøte 2 heile dagar	Skaret	Styret og kontoret + talspersonar
Januar	Samling for nye unge medlemmer under 35 år		
11. mars 2011	Landbrukskonferansen BL, LNordvest,FMLA	Molde Alex	Landbruksinteresserte
11.-12. Mars 2011	Årsmøte M&R Bondelag	Molde Alex	Årsmøteutsendingar og gjestar
8.-9. Jun 2011	Årsmøte Norges Bondelag	Lillehammer	Årsmøteutsendingar

Audun ikkje måndagar

#### Oversikt/invitasjonar/representasjon andre møter og arrangement:

**28.-29. Sept: Gjensidige Vest** møte i S&Fj. Inge Martin Karlsvik og Gunnar Wentzel.

**1. okt: samrådsmøte** med FMLA og Innovasjon Norge om BU-midlar og andre aktuelle saker. Gunnar Wentzel, Inge Martin Karlsvik.

**5.-6. okt: Styremøte i M&R Bondelag med møter og synfaring i Hareid, Ulstein, Vanylven, Ørsta og Volda.**

**12. okt : Kulturlandskapsgruppa.** Inge Martin Karlsvik.

**14.-15. okt Møre og Romsdal Fiskarlag** årsmøte Ålesund. Birgit Kjerstad møter.

**26.-27. Okt: FMLA Landbrukskonferansen** for adm i Geiranger. Wentzel, Erlie, Frantzen.

Møtet heva kl 16.03 Arild Erlie Gunnar K Wentzel - Referentar